




Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørdsal, 5557 2304

Ber om fråsegn til søknad etter forureiningslova om utslepp av reinsa anleggsvatn i samband med tunneldriving på Mongstad for Asset Buyout Partners AS i Alver og Austrheim kommune

Asset Buyout Partners (ABP) og Mongstad Eiendomsselskap AS planlegg å byggje ein infrastruktur tunnel for deling av restråvarer og overskotsenergi mellom selskapa på Mongstad.

En mindre del av tiltaket ligg heilt aust i Austrheim kommune, mens hovuddelen ligg nord i Alver kommune. Utslepp i samband med tunneldrivinga vil gå til Fensfjorden, i Alver kommune.




Figur 1. Viser områda som inngår i reguleringsplanen med plan-ID 4631-2020006 vedtatt 16. juli 2022 (svartstiplede områder). Lilla strek markerer skilet mellom Austrheim og Alver kommune. Kilde: Detaljreguleringsplan for Grønn omstilling av Mongstad




Det er planlagt ein tunnel på maks 2 000 m med høgde på 7,7 m og bredde på 6,6 m. Inngrep i samband med bygging av energitunnelen og sjaktene vil skje innanfor dei to traseane som vist i Figur 1, og er hovudsakeleg under grunnen.

Endeleg utforming av tunnel er ikkje bestemt, og det blir presentert to alternativ som er nærmare omtalt på side 6 i søknaden¹.



Figur 2. Utsleppspunkt for tunneldrivevatn. Alternativ 1A er markert med blå strek, alternativ 1B er markert med svart strek.

Vatnet skal gå gjennom ulike reinseprosessar før utslepp til Fensfjorden. Alternative utsleppspunkt (figur 2) er omtalt på side 9 i søknaden. Det er i søknaden føreslått ein grenseverdi på 400 mg/l suspendert stoff og 20 mg/l olje for utslepp til Fensfjorden



Figur 3. Oversikt over fiskeriinteresser i området.

¹ Ny tunnel. Utslipp av tunnelvann i anleggsfasen. 10246080-01-RIM-RAP-003. Multiconsult, 10. mai 2023.



I Fensfjorden er det registrert lokalt viktige gytefelt for torsk. Det nærmaste er gytefeltet Knarsvika, som ligg ca. 2 km sør for utsleppspunktet. Det er og registrert fiskeplassar for passive reiskap. Det er òg registrert tareskogførekomster og skjellsandførekomster i nærleiken av tiltaket.

Planlagt start av tunneldrivinga er 1. januar 2024. Byggetid for tunnelen er rekna til ca. 1,5 år.

Ber om eventuelle uttaler innan 21. juli 2023.

Statsforvaltaren sender søknad om løyve etter forureiningslova for utslepp av anleggsvatn frå tunneldriving på høyring til offentlege instansar m.m. etter plan- og bygningslova, marine kulturminne og fiskeri.

Statsforvaltaren ber om at de sender eventuelle fråsegner til søknaden til oss innan 21. juli 2023 til svflpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2023/7324.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Utslippssøknad Ny tunnel. Utslipp av tunnelvann i anleggsfasen.pdf

Kopi til:

ASSET BUYOUT PARTNERS AS
Multiconsult

Postboks 1537 Vika

0117 OSLO

Mottakerliste:

Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
FISKERIDIREKTORATET BERGEN	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 2	5302	STRUSSHAMN
FISKARLAGET VEST	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG